

SYKKELUTLEIGE



Fakta

Tilgjengeleg
Mai-September

Lyst til å sykle grus- eller asfaltstrekningane av Kongevegen? Eller berre leige deg ein sykkel og utforske området frå sykkelsetet?

Kongevegen leiger ut sykklar frå fire sykkelstasjonar.

I Lærdal (vest for Filefjell):

- Borgund (sentrum)
- Borlaug (ved Hi Borlaug)

I Vang (aust for Filefjell):

- Øye stavkyrkje (ved Kulturstøga på motsett side av vegen)
- Neset P-plass (botn av Kvamskleive)

Syklane er tilgjengelege kvar dag frå klokka 08.00. Ver venleg å levere syklene tilbake i stasjonen innan klokka 20.00 samme dag. Passar for alle over 7 år.

Etter at du har funne deg ein sykkel, sørg for at vaieren er innom alle gjenværande sykklar på stativet før du lukker kodelåsen. Hent deg ein hjelm i trekassa og lås igjen. Kassa har også pumpe og umbraco.

Koden til låsen står i billetten som du får på e-post etter bestilling.

Når du kjem tilbake til stasjonen, set sykkelen i stativet, sørg for at vaieren er innom alle syklane, lukk kodelåsen og snu litt på kodetalla. Legg hjelmen i trekassa og lås igjen på samme viset.


GOD TUR!

MILJØPROSJEKT: Samtlege sykklar er brukte, og ikkje berre brukte, men jamvel redda frå søppelcontaineren. I samarbeid med Resirkula er syklane blitt reparert og gitt eit nytt liv langs Kongevegen. Difor vil du finne striper og små skavankar på syklane ♥

NB: Syklane skal ikkje nyttast på dei verna delstrekningane. Sykkeltilbodet er meint for deg som vil sykle grus- og asfaltstrekningane eller utforske Øye, Vang, Borgund og Lærdal frå sykkelsetet.



Sykkelstasjon Borgund sentrum



Lås stik



Sørg for at låsevaieren er innom alle syklane



Sykkelstasjon Borlaug




Sykelstasjon «Øye stavkyrkje»



Sykelstasjon «Neset»



Sykelstasjon «Neset»



Kongevegen over Filefjell

info@visitkongevegen.no



 Bruk av cookies